



Bestillingstransport Smøla

Gyldig frå 1. oktober 2023
Sist oppdatert 30.10.2023

Om bestillingstransport

Bestillingstransport er eit rutetilbod som berre køyrer når nokon har bestilt. Transporten går ofte med minibuss eller drosje. Tilbodet blir ikkje køyrt på offentlege fridagar/heilag dagar og ikkje i perioden 23.12 til og med 01.01.

Bestilling

- Bestill på nett når som helst før bestillingsfristen for aktuell tur på frammr.no/Bestillingstransport.
- Bestill på telefon 71 28 01 00 til FRAM Kundesenter på kvardagar frå kl. 08.00 til 15.30. Telefonbestilling via FRAM Kundesenter må gjerast seinast 15.30 sjølv om bestillingsfristen eigentleg er seinare.
- Når du bestiller på telefon, må du ringe minimum 10 minutt før bestillingsfristen slik at personen på kundesenteret rekk å legge inn bestillinga i systemet før tidsfristen går ut. Systemet tillét ikkje at det blir lagt inn bestillingar etter fristen som er sett.
- Bestillingsfrist for kvar rute er angitt i oversikta i dette dokumentet.

Pris

Vaksen: kr 50,00.

Honnør og barn 6-17 år (fram til dagen dei fyller 18 år): kr 25,00.

Barn under 6 år reiser gratis i følge med vaksne.

Det er ikkje studentrabatt på bestillingstransport.

Du betalar til sjåføren med kort eller kontantar. Periodebillettar gjeld ikkje.

Viss du treng hjelp

På frammr.no/Bestillingstransport finn du meir informasjon. Der finn du og ein vegleiar for korleis du bestiller på nett.

FRAM Kundesenter kan hjelpe deg i opningstida, som er kvardagar 08.00-16.00.

Telefon 71 28 01 00.

Slik fungerer transporten

- Du må bestille på førehand. Turen kører berre når nokon har bestilt.
- Transporten stoppar berre der reisande skal hentast eller sleppast av. Køyretida kan difor variere.
- Bestillingar blir samordna, slik at turen kan gå innom fleire hente- eller leveringspunkt på vegen.
- Bestillingstransporten dekker eit definert område og du må bli henta og levert innanfor det definerte området.
- Du må vere klar 5 minutt før avtalt hentetidspunkt.

Tilbodet på Smøla

Tilbodet blir ikkje køyrt på offentlege fridagar/heilag dagar og ikkje i perioden 23.12 til og med 01.01.

- Bestilling på nett: framr.no/bestillingstransport
- Bestilling på telefon: FRAM Kundesenter 71 28 01 00.

Frostdadheia – Hopen

Henting på heimeadresse i definert område med transport til Hopen senter. I feltet «Til adresse eller stoppested» vel du «Hopen sentrum (busstopp), Smøla».

Dag	Ankomst før	Bestillingsfrist på nett	Bestillingsfrist på telefon	Korrespondanse
Tysdag og torsdag	09.50	19.00 kvelden før	15.30 dagen før	Buss til Edøya 10.00

Du skal vere framme på Hopen senter seinast 09.50. Hentetidspunktet er avhengig av kor mange som skal reise og kor dei skal reise frå. Du vil få sms om kor tid du blir henta.


Hopen – Frostdadheia

Transport frå Hopen senter til heimeadresser i definert område. I feltet «Frå adresse» vel du «Hopen sentrum (busstopp), Smøla». I feltet «Til adresse eller stoppested» må du angi en gyldig adresse som ligg innafor den sona som er vist i kartet nedanfor.

Dag	Avreise	Bestillingsfrist på nett	Bestillingsfrist på telefon	Korrespondanse
Tysdag og torsdag	12.00	10.00 same dag	10.00 same dag	Buss frå Edøya 11.43

Køyreområde

Bestillingstransporten er tilgjengelig for deg som skal *til Hopen senter* fra ei adresse i det området som er vist i kartet, eller *frå Hopen senter* til ei adresse i dette området.



Hopen – Dyrnes – Råket

Transport frå Hopen senter til heimeadresser i definert område. I feltet «Frå adresse» vel du «Hopen sentrum (busstopp), Smøla». I feltet «Til adresse eller stoppested» må du angi en gyldig adresse som ligg innafør den sona som er vist i kartet nedanfor.

Dag	Avreise	Bestillingsfrist på nett	Bestillingsfrist på telefon	Korrespondanse
Måndag og onsdag	12.00	10.00 same dag	10.00 same dag	Buss frå Edøya 11.43

Køyreområde

Bestillingstransporten er tilgjengeleg for deg som skal frå Hopen senter til ei adresse i dette området.

